

Venstres kandidatar i Vågsøy



1. **Marit Sætren**
Vågsøy skal verte ein føretrakt etableringskommune på grunn av trygge oppvekstvilkår i livskraftige lokalsamfunn

Vi vil ha ungdomen heim att!



2. **Geir Arne Solheim**
Vågsøy skal vere ein føregangskommune i Noreg når det gjeld tilpassing til det moderne lågutsleppssamfunnet

Vågsøy skal verte ein framtidskommune!



3. **Selma Strand Larsen**
Vågsøy skal verte ein kulturell føregangskommune med eit rikt og mangfaldig kulturliv og aktive fritidstilbod for alle

Ja til eit fargerikt fellesskap!



4. **Vegard Åstebøl Larssen**
Måløy og regionen rundt skal utvikle eitt av Noregs sterkaste næringslivsmiljø

Vågsøy har eit enormt potensial!

1. **Marit Sætren**
(1960), Måløy
2. **Geir Arne Solheim**
(1976), Deknepollen
3. **Selma Strand Larsen**
(1950), Deknepollen
4. **Vegard Åstebøl Larssen**
(1981), Måløy
5. **Edvard Iversen**
(1949), Raudeberg
6. **Eva Marie Plegm Lund**
(1969), Refvik
7. **Selena Sekse**
(1991), Måløy
8. **Johannes P. Evensen**
(1991), Refvik
9. **Dharmarajan Rajeswaran**
(1965), Bryggja
10. **Trygve J. Andal Svarstad**
(1988), Deknepollen
11. **Elsa Odny Iversen**
(1948), Måløy
12. **Severin Arne Alvestad**
(1948), Måløy
13. **Helge Øvrebø**
(1940), Holvik
14. **Sigrun Vevle Gotteberg**
(1951), Måløy



venstre



Følg oss gjerne på Facebook «Vågsøy Venstre».

www.venstre.no/sognogfjordane/vaagsoy



venstre

Venstres visjonar for Vågsøy

MILJØ OG NATUR

Visjon: *Vågsøy skal vere ein føregangskommune i Noreg når det gjeld tilpassing til det moderne lågutsleppssamfunnet*

Venstre vil at Vågsøy skal ...

- ... aktivt jobbe for innføring av sikre, fornybare energikjelder
- ... ta vare på naturen med ei fornuftig forvaltning av naturressursane
- ... ha god kriseberedskap

BORN OG UNGDOM

Visjon: *Vågsøy skal vere ein mobbefri kommune og vere gode på tilretteleging av tilbod for born og ungdom*

Venstre vil at Vågsøy skal ...

- ... ha ein god og desentralisert skulestruktur med utgangspunkt i dagens skulekrinsar
- ... ha ein klar strategi for ein mobbefri kvardag for alle i kommunen
- ... ha ein god og desentralisert barnehagestruktur med full dekning

BU- OG OPPVEKSTMILJØ

Visjon: *Vågsøy skal verte ein førerekt etableringskommune på grunn av trygge oppvekst-vilkår i livskraftige lokalsamfunn*

Venstre vil at Vågsøy skal ...

- ... sette fokus på å sikre trygge skulevegar
- ... legge til rette for fleire bustadfelt i kommunal og privat regi
- ... støtte frivillighet i lokalmiljøet aktivt

KULTUR OG FRITID

Visjon: *Vågsøy skal verte ein kulturell føregangskommune med eit rikt og mangfaldig kulturliv og aktive fritidstilbod for alle*

Venstre vil at Vågsøy skal ...

- ... styrkje og synleggjere tilbodet innan kulturskulen
- ... stimulere og styrke eit aktivt og allsidig kulturliv i kommunen
- ... sørgje for å halde svømmebassenga i kommunen opne for både elevar og innbyggjarar

NÆRINGSLEV

Visjon: *Måløy og regionen rundt skal utvikle eitt av Noregs sterkaste næringslivsmiljø*

Venstre vil at Vågsøy skal ...

- ... arbeide for å styrke posisjonen som fiskeri- og verftskommune
- ... vidareutvikle industriområda i kommunen
- ... halde fram kampen for å behalde/skaffe statlege- og fylkeskommunale arbeidsplassar
- ... arbeide for å vidareutvikle reiselivsnæringa i kommunen
- ... vere ein aktiv aktør for å styrke arbeidet som foregår i kommunen med utvikling av industri- og gründerverksemd knytt til vindmølle- og bølgekraftutvikling
- ... støtte opp om tiltak som utviklar Måløy vidaregåande skule
- ... vere ein aktiv medspelar saman med fylket for å styrkje og utvikle Sikkerhetssenteret

HELSE OG OMSORG

Visjon: *Vågsøy skal vere ein god kommune å bu i der du får omsorg og pleie når du treng det*

Venstre vil at Vågsøy skal ...

- ... gje dei pleietrengande i kommunen den hjelpa dei har krav på og at dei som ønskjer det kan få bu heime lengst mogeleg
- ... sikre at kommunen har nok sjukeheims-plassar/omsorgsbustader
- ... styrke dagtilbodet til heimebuande, herunder også avlasting
- ... sikre at ordninga med omsorgslønn held fram og vert utvida etter behov

VÅGSØY KOMMUNE

Visjon: *Vågsøy kommune skal innad vere ein god arbeidsplass for personleg vekst og trivsel og kommunen skal utad framstå som ein effektiv serviceinstitusjon for innbyggjarane*

Venstre vil at Vågsøy skal ...

- ... verte kjent som ein positiv, serviceinnstilt "ja-kommune"
- ... tilby sine tilsette eit inkluderande arbeidsliv med tryggleik og trivsel i arbeidet
- ... vere kostnadseffektiv ved at ein held fram arbeidet med god økonomistyring og vektlegging av samarbeidet mellom dei ulike sektorane
- ... sjå på moglegheitene for å etablere ein større kommune
- ... etablere forpliktande samarbeid med andre kommuner og fylkeskommunen der dette er naturleg og kostnadseffektivt

TETTSTADER

Visjon: *Måløy by skal stadig utviklast som eit sterkt og funksjonelt administrasjonssenter og servicepunkt for innbyggjarane i regionen*

Venstre vil at Vågsøy skal ...

- ... sikre at Sjøgata sør for torget i Måløy vert gjennomført
- ... ferdiggjere Torget i Måløy etter vedteken plan
- ... gjere bygningar og areal betre tilgjengeleg for funksjonshemma
- ... bruke eigedomsskatten mellom anna til å betre vedlikehaldet av kommunale vegar og gater

SAMFERDSLE

Visjon: *Vågsøy skal vidareutviklast til eit endå sterkare senter på kysten basert på gode kommunikasjonar mot Florø, Ålesund, Oslo, Bergen og Trondheim*

Venstre vil at Vågsøy skal ...

- ... halde fram arbeidet med å få til ringbuss Deknepollen – Holvik – Måløy
- ... arbeide for at fylkesvegen Måløy – Holvik – Vågsvåg vert utbetra
- ... arbeide for at Rv 617 Kapellneset – Holdeplassen blir utbetra snarast
- ... arbeide for å få ferdiggjort Rv 61, strekninga Nave – Maurstad snarast
- ... halde fram trøkket på å få bygd Stad skipstunnel
- ... jobbe for realisering av 45-minuttsregionen på strekninga Måløy-Svelgen-Florø